



Andreas Hundvin
Hundvinsvegen 116
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2410 - 15/20886

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
03.06.2015

Pålegg om stopp i arbeidet etter pbl 32-4 / Varsel om pålegg om innsending av søknad etter pbl 32-3 - GBNR 56/9 Hundvin - bustad riving og nybygg

Viser til telefonsamtale i går, der du, Benjamin Hicks og eg gjekk gjennom det som starta som rehabilitering/oppussing og enda med riving av alt over grunnmur og oppføring av nytt hus.

Sjølv om intensjonen var ein annan då du starta arbeidet, er konklusjonen at det som er utført er eit søknadspliktig tiltak. Det er søknad om riving av det gamle huset og oppføring av nytt. Då må det leverast ein komplett søknad om løyve til tiltak, som omhandlar alle sider ved eit nybygg:

- arealbruk i kommuneplanen
- avkjørsle med tilkomstveg
- avløp,
- drikkevatt.
- Vi tilrår også at du vurderer kostnaden med å løfta heile laftekonstruksjonen opp og laga ny fullverdig grunnmur framfor å søka om dispensasjon frå teknik forskrift for å få godkjent den gamle muren.

Dette er søknad med ansvarsrettar, som du bør overlata til eit kvalifisert føretak

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 vert det gjeve pålegg om omgåande stopp i arbeidet, og at arbeidet ikkje vert sett i gang igjen før det ligg føre godkjenning av søknad..

Førehandsvarsel

Pålegget er ikkje førehandsvarsla med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4:

Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Vurdering

Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. kap 20 om søknadsplikt.

Da det ikkje ligg føre verken eit formelt vedtak eller ein søknad, vert det utførte arbeiet på bygningen vurdert som uloveleg utført arbeid.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve i ettertid.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk.

Varsel om pålegg om innsending av søknad

Med heimel i pbl § 32-2 vert det gjeve varsel om at kommunen vil gje pålegg om innsending av søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, dersom slik søknad ikkje er motteken innan **15.september 2015**.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Oppfølging av ulovlege tilhøve vil utløyse gebyr etter gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune.

Sjå meir om dette på www.lindas.kommune.no.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andreas Hundvin

Hundvinsvegen 5956
116

HUNDVIN